

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim

Vil du vera med å bidra til eit nytt forsamlingshus ved kyrkja?



Kanskje du tenker at det er eit litt rart tidspunkt å lansera gjevarteneste for eit nytt forsamlingsbygg ved kyrkja - akkurat no - med nedstenging og usikre tider? Eit forsamlingshus ved kyrkja skal kunna brukast av alle og vil kunna fylla mange funksjonar.

Eit hus fylt av aktivitet sju dagar i veka, eit hus der konfirmantane møtes, der søndagsskulen er samla, der lag og organisasjoner kan ha sine samlingar. Og ikkje minst eit hus der bygdefolk og andre kan møtast ved dei store høgtidene og dei viktige hendingane i livet.

Frå før av administrerer soknet gjevarteneste som går til trusopplærarstillinga. Denne held fram som før. Soknerådet ønskjer no å oppretta ein ny bunden konto til nytt forsamlingshus. Skisseprosjektet ligg klart, utarbeid av Todd Saunders, og vi ser på muligheten til å gå vidare med prosjektet. Vi rekner med at eit ferdig bygg og oppgradering rundt kyrkja vil kosta minst 12-15 millionar. Dette er berre anslag ut frå materialer og areal. Vi har også fått signal om at nokon kan tenkja seg å yta eit bidrag – eller fleire – til denne saka. Det er også mogeleg å gå inn på ei fast gjevarteneste. Alle slike gåver kan trekkjast av på skatten.

Nr. 03- 2020 April nummeret 49. årgang Nytt stoff innan 12. mai 2020



KYRKJE BAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydkontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefttid etter avtale
Kyrkjeveje:

Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde	906 95 377
Kyrkjeveje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

KYRKJEBAKKEN

Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

Gudstenester i
Nordhordland skjer på nett.
www.kyrkja.no/nordhordland

Sjå heimesida vår
www.austrheimkyrkja.no
for videoar med «min salme»,
andaktsord og gudstenester

Konfirmasjon 2020
vert flytta frå mai til 30. august

ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr.1.000,-
3/4 - 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-

Korte takkeannonssar er gratis.

BASSENGET PÅ KALAND:

OPNINGSTIDER:
Måndag kl. 17-18 Familie/born
kl. 18-19 (foreldre med små
born vert prioritert)
kl.19-20 Pensjonistar
k. 20-21 Vaksne

Fredag kl. 17-21 for alle

Bassenge føl skuleruta
og er stengd i skuleferiar.

Billettprisar: Vaksne kr. 40,-
Born under 16 år kr 20,-



KVITE SOM SNØ

I minnene mine frå påske i oppveksten var det alltid varm sol og kvit snø. Mitt rike var Gullfjellet, bergensarane sitt nærmeste høgfjellsområde, berre ein halvtimes kjøretur frå sentrum. Ved foten av dette fjellet budde eg mine første barneår, og var der ofte også etter at vi flytta derifrå. Påsketurane til Gullfjellstoppen er mest å likna med ei god niste i livsbagasjen. Eg kan ta dei fram i minnet gong etter gong og stadig henta næring til livet. Ikkje sjeldan opplevde vi den tørre og gode nysnøen dei siste bakkane mot toppen. Og minnene frå desse turane er med å fylla påskebodskapen med meinig for meg. Like før Jesus startar på den siste etappen mot pinsle og død seier han til lærersveinane sine: *"Ingen har større kjærleik enn den som gjev livet sitt for venene sine"*. Det er ein varme og omsorg i desse orda som treff livet mitt og varmar sinnet slik sola treff kinnet ein vakker påskedag. Gud, den Heilage, høgt opphøgd over våre liv, bøyer seg i påska ned og bles ein varm vind over våre ufullstendige liv, og seier: *"då eg let meg pina, gjorde eg det for det som har gått i stykke i ditt liv, då eg blei festa til ein kross, let eg det skje*

for at du skulle få livet i gáve. Kjærleiken til deg var det som dreiv meg."

Bibelen brukar nokre gonger den skinande kvitfargen for å hjelpe tanken til å fatta litt av innhaldet i den gáva Gud rekker til oss menneske i påskebodskapen: når sola treff nysnøen, skin reinleiken mot oss så sterkt at vi må verna oss med solbriller. Det er dette biletet profeten i Det Gamle Testamentet brukar når han seier: *"Om syndene dykkar er som purpur, skal dei verta kvite som snø".*

Mine sterkeste opplevelingar av Guds forvandlande kraft har nok eg hatt som prest på innsida av fengslesmurane. Nett i ein situasjon der ein kjennen på knust liv og skuffelsar kan opplevinga av Guds nåde og miskunn bli ekstra sterkt. Ofte har det ført meg i kontakt med sårbarheten i mitt eige liv. Maskene i livet blir tatt bort. Eg sluttar aldri å undra meg over Guds nåde:

"Amazing grace, how sweet the sound, that saved a wratch like me.

I once was lost, bur now I'm found, was blind, but now I see."

Rune Minde



Austrheim sokn

Gravlagde

- 20.februar Aslaug Fonnes
- 3.mars Solbjørg Agnes Heimvik
- 6.mars Einar Magnus Vågheim
- 10.mars Aslaug Rørtveit
- 13.mars Jan Austrheim
- 21.april Anstein Bjarne Tresvik

- f.1922
- f.1948 (bisetjing)
- f.1943
- f.1924
- f.1953
- f.1961



Døypte

- 08.mars Emre Molvik Sætre

HJARTELEG TAKK

for omtanke, deltaking og blomar ved vår kjære mor Aslaug Inger Rørtveit sin bortgang.
Ei spesiell takk til Nordliheimen for god pleie og omsorg.

Odd, Audun og Anne Karin med familier

EI VARM TAKK

for all omtanke, deltaking og blomar ved vår kjære Heidi Håland sin bortgang

Familien

HJERTELEG TAKK

for hyggelig besøk på min 89 årsdag, og takk til Britt som kom med hjertene.

Hilsen Eline Thorsen

DIAKONI-HELSING

I desse koronatider vil ikkje Diakoninemnda komma på besøk med kort og sjokolade. Me vil slå på tråden på dagen, og når alt er greitt igjen, møter me opp med helsinga til dykk. Me ønskjer dykk alle alt godt i denne spesielle tida.

Helsing Diakoninemnda.

Risor II

Fredsmarkeing i Selsøy 8. mai 2020

Grunna koronapandemien er den tradisjonelle fredsmarkeringsa i Selsøy avlyst. Selsøy er sjølvsagt tilgjengeleg for allmen bruk, men er førebels ikkje gjort klar for landstigning. Vis derfor ekstra varsemd om du går i land. Med ynskje om ein fin vår, og at alle held seg frisk og tidig!

Beste helsing
Neptun Seniorklubb
Idar Hopland



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME TILBYR TAKEAWAY
SJÅ FACEBOOKSIDA VÅR FOR INFORMASJON

Ta kontakt på telefon 948 52 975 eller 971 52 988

Me leverer ut i verbaer / flytter til folk som skal ha besøk i sommar
Me er delvis oppe på forespørsel fra mai



Utbetringa i kyrkja: Vi er omtrent klare!



Ny ferdig dekorert søyle

Det er underlege tider. Austrheimkyrkja vart stengt i januar på grunn av utbetring-sarbeidet. I midten på mars vart kyrkja, til liks med alle andre kyrkjer i heile landet, stengt på grunn av koronaepidemien. Vi hadde sett for oss å opna kyrkja rett før påske, men grunna den nasjonale nedstenginga vart det ikkje så påkrevd at alt måtte vera klart før palmesøndag.

Vi er i skrivande stund nesten klare. Det som gjenstår akkurat no er remontering av høgtalarane og prosjektørane, gjera reint golvet og få montert benkane. Innvendige veggar og tak er reingjorte og lysekrunene er montert på nytt igjen. Utvendig har vi fått nytt undertak over korpartiet, og defekte taksteinar er bytta ut. Resten av taksteinane er gjenbrukt. Med det same det utvendige stillaset står opp, skal sørveggen spylast og malast. Nokre råtnede kledingsbord er også bytta ut.

Byggmeister Markus har hatt det totale ansvaret for arbeidet som er gjort og vi er godt nøgde med dette samarbeidet.

«Problemsøyla» og sprekkdanningar
Ein har gjennom fleire år hatt kjennskap til at den eine bæresøyla i kyrkja har framstått som noko krumma. Det har ikkje vore så lett for oss som har vårt daglege virke i og rundt det som skjer i kyrkja, å oppdaga endringar på søyler og andre bærekonstruksjonar. Ein bygningskyndig konfirmantfar gjorde oss merksam på at han hadde oppdagat synlege endringar i krumminga på det som har vore «problemsøyla» vår, berre på det året han «måtte» vera i kyrkja samane med si dotter som var konfirmant. Oppdaginga var såpass alvorleg at vi på vårparten i 2019 bestemte

oss for å hyra inn ein sivilingeniør og ekspert på bygningskonstruksjonar frå Multiconsult, for å gje oss ein analyse av situasjonen. Vi brukte den same faggpersonen som fellesrådet på Radøy brukte for nokre år sidan, i gjenopprettinga av den skeive kyrkja på Manger.

Hennar analyse var eintydig: Tiltak for å gjera utbetringarasta. Om det før utbetring vart meldt vindstyrke på over 20 sekundmeter, fekk vi råd om å stengja kyrkja. Det vart iverksett jamnlege målingar av søyla som varte fram til arbeidet starta opp. Etter ein anbodsrunde med 4 ulike byggverksemder, stod vi igjen med byggmeister Markus som tok på seg oppdraget. Arbeidet starta opp i januar i år og er no så godt som ferdig. Kommunen, ved driftsleiar Arild Tresvik, har vore byggansvarleg og fellesrådet sin kontaktperson med byggmeisten.

«Problemsøyla» krumma seg på grunn av uforholdsmessig stor vektbelastning. Dette skjedde fordi grunnen under nokre av dei andre søylene var i ferd med å gje etter. Bærebjelkane til takkonstruksjonane kviler oppå søylene. Desse bjelkane var i ferd med å utvikla store sprekkdanningar. Søylene hadde også store sprekkar. Alt dette svekka bæreevna vesentleg. Ifølgje Multiconsult skulle kyrkja i teorien ikkje ha stått, men gjer det likevel. Tradisjonelt handverk kan nok vår generasjon læra mykje av.

Forsterkingane

4 bæresøyler er bytta ut. Dei gamle søylene stod oppå tørrmurar av gråstein. Imellom gråsteinsfundamenta kvilte kvar av søylene oppå ein tjukk treklosse. Den eine av desse var begynt å rotna, noko som førte til ytterlegare meirbelastning på dei andre.

Alle dei gamle gråsteinsfundamenta er no støypt inn i 5 nye og solide betong-fundament. Det vart laga eitt ekstra fundament under ei 5. søyle som ikkje er bytta ut, grunna setningsskade under denne. Dette har medført ein ekstrakostnad.



Gerd Solheim

Det er sett opp 4 nye bæresøyler i limtre. Alle søylene er malt i same farge som dei gamle og har same form som dei gamle.

Oppå loftet og over bærebjelkane er det lagt doble jernskinner.

Desse er ikkje synlege frå kyrkjerommet. Det einaste som er synleg er ei heil rekke med runde metallskiver. Gjennom desse går det boltar, som går gjennom bærebjelkane og gjennom jernskinnene. Bærebjelkane og jernskinnene er pressa saman ved hjelp av dei gjennomgående boltane, som er skrudd saman. For å få på plass dei nye søylene og for å pressa saman bærebjelkane og jernskinnene, har ein brukt ein solid jekk, samstundes som boltane har blitt teita til. På den måten har bærebjelkane fått langt mindre belastning, samt at bæreevna aldri har vore betre enn den er no.

Utbetring av kortaket

Det var fleire mindre lekkasjar i taket over koret. Difor passa det godt å reparera dette taket med det same. Når først taket måtte opnast for reperasjon vart det ei god løysing å ta inn jernskinnene denne vegen. Taket er no tett og oppgradert i forhold til den standen det var i.


Takk

Frå soknet si side vil vi takka byggmeister Markus for godt gjennomført arbeid. Vi har også hatt eit godt samarbeid med Multiconsult, ved Åse Lyslo Døssland, som har bistått oss i heile prosessen, slik at dette har blitt



Rote grunnlag

gjort på ein fagmessig solid måte. Vi vil takka vår lokale elektrikar Magne Førland for god hjelp med av og påkopling av varme og lysinstallasjonane våre og Trond Einar Sørensen for nok ein gong å ha montert lyd og va-utstyret vårt. Takk til alle som har bidratt som dugnads og arbeidsfolk, med innpakking, utpakking, støvsuging, vasking, benkeløfting og så vidare. Til slutt vil vi takka kommunen for god byggleiing og velvilje med finansiering av dette prosjektet.



Stålforsterking



Nytt fundament



Under bæresøyla

Ved Jan Ulveseth Min salme



KOR STORT MIN GUD AT EG DITT BARN FÅR VERA... (Nos 323)

Dette er en av mine kjæreste salmer gjennom mange år.

Jeg «oppdaget» sangen i 1970 årene da jeg var kretssekretær i Sogn og Fjordane krins av NMS. Der var det nynorsk som gjaldt, og det var en opplevelse for meg å oppdage alle de vakre og dype sangene i Sangboken og etter hvert også i Salmeboken.

Denne sangen ble en av dem jeg brukte mest av alle. Blant venner ble den iblant introdusert som «nå skal vi synde Jan sin sang». Siden har sangen fulgt meg i alle de tjenester jeg har hatt. Slik også i Austrheim.

Hva er det med denne sangen som gjør den så spesiell for meg?

Først og fremst den dype tryggheten som sangen ånder av: At jeg får være Guds barn! Jeg kan nok twile på mye i troen, men aldri på dette: jeg er Guds barn. Alt er ferdig, det har Jesus gjort, jeg skal ingenting legge til, eller kunne trekke fra. Jeg skal bare hvile i det han har sagt og lovet.

Og dessuten er det en flott realisme i sangen; at der er farer og fristelser på veien, at det går an å gå seg vill og at vi kan oppleve oss som svake og redde. Men da oppfordres vi til å feste blikket på Jesus, søke han og be til han. Da lover han å holde oss fast like til vi er hjemme i Himmel!

I vers 3 sies det noe om at Herren visste alt om meg før han kalte meg. Så jeg trenger verken å skjule meg eller å gjøre meg bedre enn jeg er. Han vet alt om meg, og likevel har han gitt meg plass ved nådens rike bord. Og den plassen er der alltid. Kan det bedre bli !!

Det er emissären og treskjæreren Jesper Krogdal som har skrevet salmen og Oskar Stakkeland som har laget melodien. Det er blitt et særdeles vellykket resultat som gjør salmen til en god opplevelse både å synde og å legge hjertet sitt i.

*Kor stort, min Gud, at eg ditt barn får vera,
og leva i di frie nådepakt!*

*/: Det alt er ferdig, eg skal inkje gjera,
men bare kvila i det du har sagt. :/*

*Eg bed deg: Lei du meg i gjennom verda,
eg er så veik og er i framandt land!
/: Det mange var som gjekk seg vill på ferda
og sleppte taket i di frelsarhand. :/*

*Men visst eg veit: Du maktar fast meg halda,
det har du lova i ditt eige ord.
/: Du visste alt om meg før du meg kalla,
og gav meg plass ved nådens rike bord. :/*

*Lat meg få sjå på deg når synda dårar,
lat meg som barn ditt faderauga sjå!
/: Då veit eg visst at gjennom twil og färar
eg ved din nåde skal til himlen nå. :/*

INFORMASJON OG HELSING TIL INNBYGGJARANE

Informasjon og helsing til innbyggjarane. Det å vera lokalpolitikar og få lov til å vera med å forma framtida til sin eigen heimkommune, er ei utrleg stor oppleving. I Austrheim kommune har me det godt, men åra etter oljekrisa har vore krevjande for mange. I kommunen har dette ført til omstillingar og bemanningsreduksjonar og det er sjølv sagt ikkje det ein lokalpolitikar helst vil jobba med. Det har til tider vore tøft, men dei kommunale leiarane har saman med politikarane og dei tillitsvalte, funne gode løysingar som har redusert kommunen sine kostnader kraftig. Dette gjorde at alt såg lyst ut for Austrheim kommune ved årsskiftet. Me hadde ein vel fungerande organisasjon som hadde levert eit godt årsresultat. Første kvartal i år er skatteinngangen godt over budsjett samstundes som personalkostnadane er som budsjettet. For både byråkratar og politikarar var det i starten av året gode grunnar til å føla ein viss grad av optimisme.

Så kom koronautbrotet og krisa i oljenæringsa, to harde slag for kommunen. Pandemien var ei ny og ukjent utfordring for den kommunale organisasjonen, men våre tilsette har nok ein gang levert på ein framifrå måte. Gjennom vedtak, omprioriteringar og omdisponering av personell, har me så langt halde kommunen trygg og smittefri. Kommunaleininga følgjer utviklinga tett både lokalt og nasjonalt og tek grep når dette er naudsynt. Fredag tredje april hadde me møte i Beredskapsrådet i Austrheim og eg er imponert over kva ressursar, både offentlege og frivillige, me har å spela på i Nordhordland om koronakrisa utviklar seg.



Det er alltid trasig å møta motgang og hindringar når ein er inne i ei god utvikling slik kommunen har gjort, men eg er trygg på at dette vil me koma oss gjennom på ein god måte. Me vil truleg veksa og bli betre gjennom den lærdommen me får i dei krisene me no står i. Austrheim kommune vil når dette er over, vera ein betre kommune å bu i. Det er eg overtydd om når eg ser den samhandlinga me har fått til i krisetida. Eg ønskjer å gje ei hjartelag takk til alle som held samfunnet i gang i den tida me er inne i. Det er viktig at me klarar å halda hjula i gang sjølv i unormale tider, og det har me klart på ein førebileteleg måte. Eg vil også retta ei varm takk til alle som lojalt har følgt kommunale og statlege retningslinjer under koronakrisa. Det har hindra smittespreiing og kan ha redda liv. Dugnaden er ikkje over og me har enno ein lang veg att å gå, men saman skal me koma oss gjennom dette og igjen få leva det gode liv i Austrheim.

Beste helsing

**Per Lerøy
Ordførar**

DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Åråshøgda 10.



Timebestilling:
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00 / 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

**Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset**



*Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.*

Telefon vakt 56 16 98 35



**Vatne
Begravelsesbyrå**

Vi kan hjelpe til
med rådgivning
og tilrettelegging
ved begravelser
og bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Per Kenneth Bø
BYGGMESTER

**Panasonic
Varmepumper**

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.ostenstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...

Rune Austrheim
Fosnøy Bilsenters AS
Telefon: 56 16 75 50

...Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. www.fosbilenter.no

For everything your car needs.

Intervju med Svein Tomas Villanger



I mange år har Svein Tomas Villanger gjort ein kjempejobb for Kyrkjebakken. Me sit veldig stor pris på alt det gode arbeidet han har gjort. No har han tatt ein pause frå arbeidet, og me ønskte å ha eit lite intervju med denne fantastiske karen.

Kor lenge har du vore med i Kyrkjebakken?
No vart eg litt usikker, men meiner det var hausten 2012, eller våren 13.

Har oppgåvene forandra seg underveis?
Det har vore ein del endringar. Den største var vel når vi skifta trykkeri sist. Då gjekk det fra at vi måtte lage heile bladet ferdig. Setje inn alle biletar, annonsar og fylle bladet med millimeter presisjon. Det tok ein del meir tid. No kan ein sette inn det ein vil ha inn i bladet, så tar ei grafisk designer oppgåve med å ferdiggjere bladet. Det har også ført til at bladet ser mykje meir proft ut, og mykje finare.

Har dette vore ei kjekk oppgåve?
Det har vore ei veldig kjekk oppgåve. Det har til tider vore ganske tidkrevjande, innimellom turnusvakter osv, men alt i alt har dette vore veldig kjekkt å få lov å være med på.

Kva har vore utfordrande?

Det som har vore det aller mest utfordrande, er jo å finna tida til å få gjort jobben. For det er noko jobb med det. Og det har vore litt utfordrande å lære seg å bruke programmet ein lagar bladet i. Men det gjekk ganske så kjapt å komme inn i det.

Kan du anbefale andre å delta?

Eg vil sterkt anbefale andre å delta. Det har vore ein kjempefott gjeng å samarbeide med. Både dei andre i redaksjonen, og dei som har vore på kyrkjekontoret i desse åra.

Kva betyr kyrkjebakken som blad for deg som har vokse opp med den?

Eg var vel ikkje heilt obs på KB då eg vaks opp. Men det har jo vore ein veldig kjekk måte å få vite kva som skjer i bygda. Og at det ikkje er berre det som skjer i kyrkja som kjem med i Kyrkjebakken. Men heile bygda vert dradd med. Men spesielt etter eg kom tilbake til Austrheim etter å ha vert på Gjøvik, så har eg nok blitt meir glad i Kyrkjebakken.

Kva har du lært med denne jobben?

Ja kva har eg lært ja.. Lært å like litt meir "putle" arbeid. Og kor viktig det er å ha gode folk rundt seg, for å få gjort ein god jobb.

Du er veldig engasjert i kyrkja. Kor mange ting har du vore med på? Har du oversikt?

Akkurat no, så er det vel "bare" Soknerådet, og forsongagruppa.

Men alt i alt, så har eg vore innom som konfirmantleiar, Kyrkjebakken, og elles hjelpt til på mykje. Som Lys våken, Julekonserten i Leirvågen osv osv.

BIBLIOTEKET

Austrheim folkebibliotek er for tida stengt for publikum, men byr på litterær take away inntil me kan opna att på ordinært vis.

Slik fungerer det:

Send bokønske via e-post til
bibliotek@austrheim.kommune.no -
eller ring oss på 56162007.

Dersom me har boka/bøkene du ønskjer deg,
pakkar me dei i ein pose som me plasserer på
ei hylle utanfor hovudinngangen til
kommunehuset. Du får ei hentemelding hjå
oss når bøkene er klare til henting.

Lån digitale bøker: Last ned appen
BookBites, og logg deg på med
lånekortnummer og pin-kode.



Dersom du lurer på kva lånekortnummeret og
pin-koden din er – ta kontakt med oss på
bibliotek@austrheim.kommune.no –
eller ring oss på 56162007.

Kulturmidlar 2020

I 2020 er det sett av ein pott til kulturmidlar
som lag og organisasjoner kan søkje på.
Søknadsfristen er 5. mai og utbetalinga vert
gjort i løpet av juni 2020.

Elektronisk søknadsskjema, og retningslinjer
for tildeling av kulturmidlar finn de på
heimesida til kommunen.

Det er dessverre ikkje høve til å søkje som
tilskot til tiltak for barn og ungdom sjølv om
ein kan hake av for dette i skjema.

Vi svarar gjerne på spørsmål om kulturmidlar:
Kari T. Utkilen: e-post:
kari.utkilen@austrheim.kommune.no
Mobilnr 95942213.

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.

Legevakt 116117

Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl. 08.30 - 15.00.

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.**

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49**

Vestlia: 56 16 20 55

**Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)**



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

GRAVMINNER

 **Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no



*Oppussing av
gravmonumenter*

Utfører vasking,
rensing
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887